

Kyrkjeblad for Fjaler

Nr. 1 mars 2010

68. årgang



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Påskeunderet og påskegleda

Det er ikkje uvanleg for oss menneske å oppleve under. Ja, egentleg så opplever vi vel under kvar einaste dag – som når eit nytt barn kjem til verda, når mørkret vik plassen for lyset eller når jorda og havet gir mat til ó milliardar menneske – år etter år!

Og er ikkje sjølve eksistensen og eit stort under?

Men er det ikkje av og til grunn til å spørje: Har vi slutta å undre oss? Er det vi ser og opplever og er vitne til blitt noko sjølsagt? Er vi blitt menneske med ein avgrensa horisont? Eller tenkjer vi kanskje at andre menneske, og dei som veit meir enn oss, må ta seg av slike vanskelege spørsmål?

Når eg spør, så er det fordi eg trur at det er farleg å leve slik. Livsfarleg. For då er vi lik menneske som får tilbod om medisinsk hjelp, men avviser hjelpa.

Bibelen er ei bok som heile tida utfordrar oss til å tru ting vi ikkje forstår og til å gi rom for erfaringar som andre har sett og opplevd. Til å tru på ein allmektig Gud!

Vi skulle og ha venta at læresveinane ville ha trudd evangeliet om at Jesus skulle bli levande att på den 3. dagen, slik han fleire gonger hadde fortalt dei.

Dei hadde også sett Jesus gjere dei største under og vore vitne til at han vekte opp døde. Men synet av den krossfeste og forslåtte frelsaren synest å ha teke trua ifrå dei.

Og i møte med 2 av læresveinane på vegen til Emmaus påskedagskvelden, sa Jesus til dei: *Kor lite de skjønar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt! Laut ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?* Så tok han til å leggja ut for dei



Otto Høvik, vikarprest i Fjaler.

det som står om han i alle skriftene, heilt frå Moses og hjå alle profetane.

Jesus viste dei til skriftene. Til dei profetiske orda. Til det som stod skrivne om han der. Men ikkje berre det. Han viste seg og for dei fleire gonger, ved å gå inn gjennom stengde dører, ved å vise dei sårmerka i hendene og føtene og ved at han åt og drakk mens dei såg på.

Denne påska skal vi på nytt høyre påskeevangeliet slik det fyrst blei forkynt for kvinnene som kom til grava påskedagsmorgonen: *Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er oppstaden. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea.* Luk 24:5-6

*Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dawning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*



Illustrasjonen er teikna av Selma frå Laurdagsklubben i Guddal.

På Kyrkjebakken

HJARTELEG TAKK FOR GÅVER!

Takk til Guddal bygdekvinneleg for gåva på 3.500 kr til delfinansiering av lysgloben i Guddal kyrkje.

Takk til Dale bygdekvinneleg for gåva på kr. 1.000 til Dale barnekor, kr. 1.000 kr til Laurdagsklubben i Dale og for gåva på kr. 1.000 til Ljosheim.

BLADPENGAR

Hjarteleg takk for at du trufast betalar inn bladpengar slik at vi kan fortsetje å sende ut Kyrkjeblad for Fjaler. No er det tid for innbetaling for 2010, og vedlagt ligg bankgiroen, men du må gjerne nytte nettbank. Bankkontonr: 3755.20.73135. Også dette året er vi glade for om du som bur i Fjaler betalar 150 kr, og at du som får bladet tilsendt med adresselapp og frimerke betalar 175 kr. Vi ser at fleire betalar meir enn dette og takkar hjarteleg for gåva.

Det er veldig viktig at du som bur utanom kommunen, og får bladet tilsendt med adresselapp, hugsar på å skrive namn og adresse – også når du betalar via nettbank. Utan adresse er det umogeleg for oss å få sendt deg bladet. Vi tek også gjerne imot respons: Ros eller Ris slik at kyrkjebladet vert best mogeleg.

if

KYRKJESKYSS.

Det diakonale tiltaket med kyrkjestyss held fram.

Til Dale kyrkje startar "kyrkjeruta" frå **Straumsnes**, nærare bestemt frå Jonstadkrysset 50 min før det startar i kyrkja. Dei som vil vere med, går til hovudvegen i rimeleg tid og vil bli plukka opp undervegs. Det er ikkje naudsynt med påmelding. Så blir det retur etter gudstenesta. Prisen/eigendelen er sett til kr.50,- tur/retur. Flekke taxi ved Magnar Vagstad kører her. Det blir kyrkjestyss til Dale **laurdag 10.april** (Musikkteater om Matias Orheim kl.18.00) og **pinsedag 23.mai** (Gudsteneste kl.11.00).

Til Guddal kyrkje startar ein frå **Hovlandsdal** kl.10.10 på **palmesundag 28.mars** og **jonsokdagen 24.juni**. Her må ein melde seg på til Guddal taxi v. Ivar Hovlandsdal på tlf. 57738644, og ein vil så bli plukka opp til avtalt tid.

Prisen/eigendelen er sett til kr.30,- pr. person for tur/retur. Underskot ved dette kyrkjestyssiltaket blir dekt av diakonifondet. *if*

PALMELAUDAGSBASAR på Ljosheim kl. 15.00 – Velkomen til Håland misjonsforeining sin årlege basar som dette året blir 27.mars. Mange fine gevinstar på hovudlotteri og årar. Andakt og matøkt med gode kaker. Åsa

MUSIKKGUDSTENESTER I PÅSKA

I Guddal kyrkje på Palmesundag kl.11.00 er det songgudsteneste med mykje "Hosianna" - festlege songar framførte av Guddal familiekor med Reidun Porten på kornett – som fortel om Jesu inntog i Jerusalem denne dagen.

Dale kyrkje har den tradisjonelle **høgtidsgudstenesta 1. påskedag kl.11.00** med flott song av Cantus.

I år har **Folkestad kapell høgtidsgudsteneste 1. påskedag kl.19.30**. Egil Furenes gjer gudstenesta spesielt høgtideleg med hardingfelemusikk. Før gudstenesta spelar kantor Mark Taylor ein kort orgelkonsert av Händel. Det har lenge vore tradisjon med "preluderer" på orgelet før gravferder, og det har kome ynskje om å høyre orgelmusikk også før gudstenester i Folkestad. Konserten startar kl.19.15.

ORGELKONSERT I DALE 26.MAI.

Mange har spurt om ikkje Kantor Mark Taylor kan spela ein orgelkonsert i Dale kyrkje. Vi skulle gjerne høyrt meir av den flotte orgelmusikken som vi opplever han spelar som postludium på gudstenester når han trakterer på det flotte orgelet i Dale. Onsdag 26. mai kl.19.30 spelar han eit program med både festleg og var musikk. Det ligg mykje arbeid i å førebu ein konsert, og vi håper at mykje folk kjem til ei musikalsk oppleving! Gratis inngang!

JONSOKFEIRINGA I GUDDAL

torsdag 24.juni startar med gudsteneste i kyrkja kl.11.00 og misjonsfest på skulen etterpå. I år blir det tidlegare Malimisjonær Ingvald Andersen Frøyen som blir Det norske Misjonsselskap sin utsending til gudstenesta og misjonsfesten. *if*



PRESTAR – KJEM OG GÅR

Dette er situasjonen i Fjaler etter at Sigurd Wahl Sande slutta som prest 31.jan 2010.

Otto Høvik frå Fjell på Sotra hjelper Fjaler og Gaular med presteneste, men når du les dette er han og kona reist ifrå Fjaler. Pensjonert prest Otto Høvik kom til Fjaler måndag 1.februar saman med kona si Annlaug Høvik og gjorde presteneste her fram til søndag 14.mars. Vi kjem til å få vikarhjelp frå Førde i tida framover. *if*

KONFIRMASJONSDATOAR 2011

Dette er datoane for konfirmasjonane i Fjaler neste år.

- 1. mai: Hellevik og Folkestad
- 8. mai: Dale
- 15. mai: Guddal

FOTO

Har du teke bilete av kyrkjelege handlingar, trusopplæring, kyrkjebygg i solnedgang, osv? Vi tek gjerne imot bilete som kanskje kan brukast i bladet. Send bileta i full storleik til fjaler.kyrkjeblad@gmail.com. *jt*



ALVÆRASTEMNET blir i år søndag 13.juni og startar med gudsteneste på Alværa kl. 11.00 og har misjonsmøte på ettermiddagen. I mellomtida vert det middag og uteaktivitetar for heile familien.

SOMMARLEIRAR

Sommerleir for 2.-5. klasse 21.-23. juni på Alværa
Sommerleir for 5.-7. klasse 18.-20. juni på Alværa

Leirane kostar 650,- pr hovud, 600,- for søsken nr 2, 3 osv. NMSU gjer deg oppmerksom på at en fom 1. jan 2010 har ein innført ei veker avmeldingsfrist på leirane, etter det må ein betale full pris. Alværa Misjonssenter – tlf: 57 71 17 57 / 489 90 661

Før informasjon og påmelding til leir sjå <http://www.nmsu.no>.

Avskil med Sigurd prest i Fjaler

Mange hadde møtt fram i Dale kyrkje denne søndagen der Sigurd Wahl Sande hadde si "siste" gudsteneste etter nesten 16 års prestegjerning i Fjaler. Det var ei fin gudsteneste der også sokneprest Knut Arne Kummeneje, tekstlesar Målfrid Skaar, konfirmantar, brukarar frå arbeidslag 2, konfirmantband og Go Bananas deltok. Ved slutten av gudstenesta overrekte soknerådsleiar, Terje Roald Halsnes, på vegne av kyrkjelydane i Fjaler, måleriet "Livskilden" av kunstnar Steinar Kåre Nygård. Etter gudstenesta var kyrkjelyden samla til kyrkjekaffi på Ljosheim. Etter kaffi og gode kaker, var det tid for helsingar og talar. Rådmann Ola Hovland overrekte blomar og helsing frå Fjaler kommune. Tekstlesar Målfrid Skaar las dikt, og Cantus song. Sigurd har heile tida sunge i kyrkjekor- et Cantus. Sokneprest Knut Arne Kummeneje hadde ei helsing til sin kollega. Kari Hovland Sæle takka frå seg og alle. Til avslutning las Sigurd sjølv nokre fine sjølvskrivne dikt. Gudstenesta og kyrkjekaffien var ei fellessamling for heile Fjaler – etter Sigurds eige ønskje – ei god og vel- fortent markering etter lang presteteneste i kommunen.

Bandet "Go Bananas" fram- førde fleire songar under gudstenesta. Frå venstre: Endre Losnegard, Aud Gjermundstad, Inger Lise Olsen og Frank Mikkelsen.



I den nye liturgien blir evangelieteksten lesen ved evangelieprosesjon – for å vise at Guds Ord kjem ned til oss der vi er: "Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss." Her ser vi Sigurd Sande omkransa av konfirmantane Chloe Taylor, til venstre, og Juliane Haugen Aase.



Under fredshelsinga går det an å danse til songen "Det er Guds fred eg vil gje deg".

Medliturgar kan lyse velsigninga saman med presten. Sokneprest Knut Arne Kummeneje lyser velsigninga saman med Frank Mikkelsen og Aud Gjermundstad.



Takk for meg!

I mai 1994 kom det ein ny prest til Fjaler – etter å ha vore sjømannsprest, kyrkjelydsprest og sjukehusprest i mange år. Eg kom aleine og til ein stad som var heller ukjend for meg. Difor var eg spent. Men eg vart ikkje skuffa. For eg vart godt mottatt; møtt med tillit frå første stund og kjende med godtatt slik som eg var. Så vart det ei variert, innhaldsrik presteteneste som vart i nesten 16 år. Ein betydeleg del av mitt vaksne liv! (Rekorden til far min, som var prest i Lærdal då han døde, var 6 år på same stad!) Eg fekk det verkelege livet nært innpå meg; med kvardagsgleder, med små og forferdelege sorger, høgtidsstunder og skiftande utfordringar.

Eg kan ikkje rekne opp alt og alle som har gjort inntrykk på meg alle desse åra. Men: Eg vil takke dei som ville inkludere meg og dele med meg – på ein raus, open og tillitsfull måte. Heime eller på kontoret, på sjukeheimen, i pensjonistlaget eller ved tilfeldige møte. Eller ved altarringen, på kyrkjegarden eller ved døypefonten.

“Eg er stolt over å høyre til i ei kyrkje der ein blir møtt på ein god måte både i sorg og i glede.” Orda kom frå ei tilreisande Bergens-dame som slekta herifrå, etter at ho hadde vore med på ei kyrkjeleg handling i Fjaler. Slikt er oppmuntrande!

Som kjent er eg glad i song og musikk, lyrikk og biletkunst. Eg har hatt særleg glede av å vere aktivt med i Cantus og å oppleve det rike konserttilbodet ved kyrkjene våre. Kulturkvelden i Dale kyrkje i samband med 60-årsdagen min, står som eit godt og minneverdig døme i så måte.

Trass i austlandsdialekten reknar eg meg som vestlending. Eg er blitt glad i den flotte og varierte naturen som omgir oss her; frå mektige fjellmassiv til ope kystlandskap. Turar på Dalsfjorden, i skog og utmark, inn til nedlagde gardsbruk i frodige dalar og opp på nakne fjelltoppar med fantastisk utsyn – slike naturopplevingar

har gjort livet rikare. På same kontoen reknar eg dei mange friluftsgudstenestene vi har hatt.

Ved kyrkjekontoret har eg vore så heldig å ha svært dyktige medarbeidarar; Irene, Joy, Mark og Knut Arne, som på kvar sitt felt utfører oppgåvene sine på ein framifrå måte. Eg er også takksam for at dei har bore over med meg som er så lite flink med kontorarbeid og så håplaus med data-teknologi!

Eg er no ferdig som prest i Fjaler, men ikkje ferdig med Fjaler likevel. Gunn og eg har nyss flytta til Straumsnes, og vi gler oss over skinet i Dalsfjorden, den kvitkledde fjellheimen på nordsida og godt skiføre like utfor husdøra ...

Då eg begynte på barneskulen, sa eg at eg ville bli prest. Og slik vart det. For meg har det vore både kjekt og meningsfylt å vere prest i Fjaler. Kanskje fordi eg bryr meg om menneske og har fått så rikt høve til å møte folk i alle slags situasjonar. Og fordi eg ikkje har gått lei av vere ein kristen bodskapsformidlar. Tru, håp og kjærleik er framleis verd å satse på.

Ideal.

Ikke full, men tørst.
Ikke fullkommen, men full av liv.
Ikke selvgod, men god nok.
Ikke verdslig, men jordnær og menneskekjær.
Ikke fjern, men himmelvendt.
Og litt stolt.

Takk for meg!
seier gamlepresten, Sigurd.

Konfirmantar 2010

Dale 2. mai kl.11.00

Valgjerd Arstein
Nils Kristian Bratland
Eivor Flekke
Susann Solheim Hjartholm
Ingrid Hovland
Jørgen Haugen Kjosaa
Frida Noris Kveane
Oline Lindelid
Tone Strand Løseth
Jørgen Nedrebø
Even Ness
Ingvild Leirpoll Rakneberg
Jan-Erik Solheim
Nataniel Solheim Solvik
Chloe Taylor
Vegard Ulvik
Aleksander Hatlebrekke Øen
Kristine Åsnes Øen
Einar Aase
Juliane Haugen Aase

Guddal 9. mai kl.11.00

Aleksander Boge
Johanne Kråkenes Langeland
Silje Marie Svartefoss

Hellevik 13. mai kl.11.00

Halfdan Arstein
Lovise Eiken
Kristina Åsnes Espedal
Bendik Holt
Embla Ask Kruse

Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**
EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010

Fattige i møte med ekstremvær

Tysdag 23. mars går konfirmantar, unge og vaksne frå Fjaler med bøsse. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010 set søkjelyset på fattige menneske i møte med flaum, tørke og ekstremvær.

Ei haustnatt i 2007 vart familien Tran i Vietnam vekke av at vatnet steig og steig inne i huset deira. Mamma Tran Thi Thu Thuy, pappa Tran Viet Dung og dei fem barna deira måtte flykte frå heimen sin i hui og hast.

– Vatnet kom så fort, og eg vart veldig redd, fortel den eldste dottera, Trinh. Faren i familien tenkte berre på éin ting: å redde barna sine. Han kom seg ut i vatnet og førte familien til ein trygg stad, ut av huset og til eit område som ligg høgare. Familien Tran overlevde, men heimen deira vart øydelagd, og dei mista mange av eignedelane sine. I to månader, medan dei venta på at vatnet skulle søkke igjen, måtte dei bu i eit skur av plast og bambus. Mat, reint vatn og helsa til barna vart noko dei måtte uroe seg for i det daglege.

– Det var ei vanskeleg tid for oss, fortel Thuy. – Barna var små, og eg var svært uroleg. Vi hadde ikkje mat, og eg måtte låne ris av naboen. I to månader åt vi ikkje anna enn ris med krydder, seier fembarnsmora.

Trygg hems

I september 2009 vart Vietnam på nytt råka av storflaum, i kjølvatnet av tyfonen Ketsana. Men denne gongen slapp familien Tran å flykte frå huset

sitt. Denne gongen stod dei rusta til å møte flaumen.

Som éin av mange familiar i nærområdet har familien Tran fått stønad av Kirkens Nødhjelp til å byggje eit nytt og flaumsikkert hus i mur og betong. I stova er det ein hems i taket. Her kan familien lagre matvarer, og når vatnet stig på ny, er vegen kort til ein trygg stad. Dottera Kim på fem klatrar opp stigen i raske byks og demonstrerer kva ho skal gjere dersom det kjem ein ny flaum. Der oppe kan ho og resten av familien sitje til hjelpa kjem.

Fleire og større flaumar?

Dei fleste forskarar er i dag einige om at meir kraftig nedbør er eit teikn på global oppvarming med årsak i menneskeskapte klimagassutslipp.

– Vi bur i eit lågtliggjande område og er vane med mykje vatn i regntida. Ein vanleg flaum hevar kanskje vassstanden med 30–40 cm. I 2007 kom éin meter med vatn, som vart ståande i to månader. Det er uvanleg, stadfestar Dung.

Konsekvensane av klimaendringane har ført miljø- og klimaspørsmål høgt opp på den politiske agendaen i Vietnam. Regjeringa nemner sjølv landet som eitt av dei mest sårbare når det gjeld klimaendringar. Familien Tran må truleg førebu seg på fleire og hyppigare flaumar i framtida. Ta godt imot bøsseberarane når dei bankar på døra di! Du kan også støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (200 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010



Medan vi i den rike delen av verda kan førebyggje og forsikre oss mot naturkatastrofane, står menneske i fattige land i fare for å miste alt når katastrofen råkar. Derfor går pengar frå fasteaksjonen i år mellom anna til å gjere fattige og sårbare betre rusta til å møte eit meir ekstremt vær, som for eksempel flaum og tørke. I flaumutsette område i Vietnam inneber det mellom anna at familiar kan få støtte til å byggje flaumsikre hus. I Kenya, som ofte blir råka av tørke, støttar Kirkens Nødhjelp mellom anna prosjekt der regnvatn blir samla og lagra til tørre periodar.

Om framtida:

FNs klimapanel (IPCC) reknar med at havnivået i gjennomsnitt vil stige med mellom 9 og 88 cm fram til 2100. Dersom reknestykka treffer, vil det skape store utfordringar for menneske som bur i spesielt sårbare område. Familien Tran er éin av mange familiar som må førebu seg på fleire flaumar og meir ekstremvær.

Flaumen i Vietnam:

Mellom oktober og november i 2007 vart Thua Thien Hue-provinsen i Sentral-Vietnam råka av fire flaumar. Nesten 30 000 menneske vart evakuerte frå heimane sine, 83 400 hus vart overfløymde, 31 menneske vart hardt skadde og 22 menneske døydd. Familien Tran var éin av familiene som måtte flykte.

I slutten av september 2009 herja

tyfonen Ketsana delar av Sørøst-Asia og sette store område under vatn. Mange måtte enda ein gong flykte frå heimane sine. Med stønad frå Kirkens Nødhjelp hadde familien Tran bygd eit nytt, flaumsikkert hus etter storflaumen i 2007 og stod dermed sterkare rusta da vatnet trengde innover landet. Familien kunne bli buande i heimen sin og skadane etter flaumen var minimale.



Tran Thi Thun Kim (5) viser korleis familien kan klatre opp på hemsen når flaumen råkar.

Så høgt stod flaumvatnet: Kateket Bjørn Losvik saman med Tran Viet Dung og Tran Thi Thu Thuy.



Ingen er for liten – om barn og nattverd

Ingen er for liten til å se Guds under. Alle trenger vi å møte Jesu kjærlighet. Herren rekker sine hender fram og sier: "Ta imot!"

Jesus gir oss brød og vin som sitt legeme og blod. Han har tilgitt våre synder, gir oss stryke, håp og tro. Ingen er for liten ...

Vi er barna i Guds hus. Vi er grener på Hans tre. Alle døpte kan gå sammen, vi får kjenne Jesu fred! Ingen er for liten ...

Nattverdssalmen *Ingen er for liten* vart skriven av leiaren i Hedmark og Oppland krets av Norges KFUK-KFUM, Øystein Wang i 2004. Den kom i siste utgåva av *Treklang* (songboka til KFUK-KFUM) og er med i framlegget til ny salmebok, *Salmebok 2008*.

Barnekora i Fjaler elsker å syngje denne songen, og ved ei ynskjestund ved slutten av ei korøving er det gjerne denne songen dei vil velje å syngja igjen. På ein enkel måte, med ein fin melodi og rørsler i refrenget, skildrar salmen kyrkja sitt syn på nattverden som ei inkluderande handling.

Nattverdsmåltidet utvikla seg frå det jødiske påskemåltidet. Gud sa at *alle* skulle delta i måltidet (2 Mos 12,47) og bruke det til å lære barna om påska. Då Jesus heldt nattverdsmåltidet på Skjærtorsdag, ga han oss berre ein instruks: *"Gjer dette til minne om meg."*

Han sa også *"Dette er min kropp"* om brødet, og slik ser vi på nattverden som ei symbolsk handling – alle

døypte – barn, ungdom og vaksne – er delar av Kristi kropp som er kyrkja. Det var ved å døy på krossen at Jesu kropp vart til mange lemmer – milliardar av kristne over heile verda! Når presten bryt brødet, seier vi: *"Så er vi ein kropp, for vi har alle del i det eine brødet."*

Og dei fyrste kristne (som Paulus) lærte at det var viktig å tenkje på Herrens kropp – heile kyrkjelyden, inkludert dei fattige og underforstått barna – når ein held nattverdsmåltid (1 Kor 11, 17-34). Det er av den grunn at vi har *Fredshelsing* med handtrykk og ynskje om fred like før måltidet – det skal ikkje vere oppsplitting eller konflikt i kyrkjelyden.

I mellomalderen vart kyrkjelyden gjort passiv slik at det var vanleg at berre celebranten (presten) mottok brød og vin i nattverden, men etter reformasjonen skulle alle motta både brødet og vinen. Likevel vart konfirmasjon orientert framover mot den første altargang slik at barn var ekskluderte.

I løpet av 1900-tallet endrar konfirmasjonen seg til å vera ei velsigningshandling, og slik er konfirmasjonsgudstenesta som vi har brukt sidan 1992. Difor var det på tide å gå tilbake til urkyrkja sin praksis – at alle kristne, alle døypte inkludert barn, kunne ta del i måltidet. Ein kan ikkje vera meir kristen enn å vera døypt! Som resultat av dette fastsette Kyrkjemøtet 1993 ei rettleiing om barn og nattverd: *"Barn som er døypte og har fått rettleiing om nattverden, kan ta del i nattverden ... Soknerådet avgjer i samråd med prestane i kyrkjelyden om det skal haldast familiegudsteneste ... med nattverd."*

Dåpsopplæringsplan for Den norske kyrkje 1994 skreiv om barn og natt-

verd. Familiemesseliturgi kom i 2003, men det var ikkje før trusopplæringsforma kom til Fjaler – med utdeling av 6-årsbok som inkluderer undervisning om nattverd, og samarbeid med Gaular som var godt i gang med barn og nattverd – at vi i Fjaler har tatt på alvor det mange kyrkjelydar i Den Norske Kyrkja har praktisert i 17 år – at barn, som alle andre døypte, kan få undervisning om nattverd og ta del i måltidet med resten av Kristi kropp.

Jesus seier: Lat småbarna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.

Disiplane ville vise kvinnene og borna bort, men Jesus vart harm. Han tok borna inntil seg og velsigna dei. Ja, Jesus til og med snudde det heile opp ned – det er barna som skal vera rollemodellar – dei vaksne må vera som barn for å kome inn i Guds rike. Og kyrkja har igjen skjont at Jesus inviterer alle til fellesskap med han, uansett kjønn eller alder.

Som det står i salmen, "Herren rekker sine hender frem og sier: Ta imot!"

MT

Jeg tenkte på det med barn og aldersgrense. Opplevelser fra barndommen av om å være for liten til å kunne bli med på forskjellige ting. Så kom jeg på setningen: "Ingen er for liten til å se Guds under" Jeg har fått en reaksjon på at det står: "alle døpte kan gå sammen" i ett av versene. Noen har opplevd dette som at nattverden begrenses (til de døpte.) Mitt utgangspunkt var det motsatte: å åpne opp for at alle i kirken - også dåpsfamiliene, og de som ikke føler seg "kristne nok" - kan gå sammen til nattverd.

Jeg synes det er veldig sterkt å møte barna på vei fram til nattverden. Det at vi må bøye oss ned med brødet og vinen, slik at de minste kan få dyppe brødet i vinen, er veldig fint. Håper at sangen kan inspirere til at flere barn - og også unge og voksne - kan våge å ta del i nattverdfeiringen.

Øystein Wang, salmeforfattar



Fyndord

Kjent. Fullt ut

Vi har så sterkt behov for å høre hviskingen fra den altseende og allvitende: "Du er kjent. Fullt ut." I hans blikk er hvert eneste menneske helt. *Liselotte J. Andersson*

Tilvendt

Vårt kall er å vende oss til. Å vende våre ansikter til hverandre og til Gud. Å søke den nære relasjonen, den som ikke trenger å vike unna med blikket. *Lena Bergstrøm*

Kalt til å rekke hendene ut mot andre

Sikkert finnes det krenkelser og urett som har skapt så dype sår at tilgivelsen er utenfor rekkevidde. Kanskje skal vi da la Gud få være alene om å kunne tilgi alt. Men slike spesielle situasjoner fjerner ikke kallet og utfordringen i våre hverdager. Den som lever på forsoningens grunn er kalt til å rekke hendene ut mot andre. Både i erkjennelse av eget svik, i bønn om å bli tilgitt og i barmhjertig tilgivelse av andre. *Leif Gunnar Engedal*

Et indre kapell

Den som vil elske Gud, skal i sitt indre finne et kapell. Det lyser, noen er hjemme. Fader, Sønn og hellig Ånd tar i mot. Det står "Velkommen" på dørmatten. *Liselotte J. Andersson*

Gjør døren vid

Å, Gud, gjør døren til dette hus vid nok til å ta i mot alle som lengter etter kjærlighet og fellesskap, og trang nok til å stenge ute misunnelse, hovmod og trettekjærhet. *Liselotte J. Andersson*

I Guds hånd

Våre liv i Gud kan ikke bli ødelagt, og ingen kan rykke oss ut av hans hånd. Her i verden rykkes livet bort. *Tomas Sjødin*

Eftervarme

Jeg tror at det man kan kjenne av respekt og ærefrykt i en gammel kirke, er ettervarmen fra utallige hverdagshelgener. Alle de som ingen egentlig tenker på som helgener, men som i hemmelighet holder luften mellom himmel og jord i bevegelse. Deres liv kom og gikk i denne verden, men varmen fra dem kan man fortsatt kjenne når man legger kinnene mot deres minne. *Tomas Sjødin*



God Påske frå irene

I kyrkjelyden sidan sist

Dale

Døpte:

Magnus Kyrkjebø Strand
Viljar Holsen Berg (døpt i Tyssedal kyrkje)
Lars Thorstenson Faaberg (døpt i Fana kyrkje)
Ola Berger Follevåg

Avdøde:

Per Harald Dale	f.1955
Marta Solveig Sundal	f.1921
Gerd Lillian Aase	f.1948
Leif Helle	f.1913
Olav Haugsbakk	f.1937

Folkestad

Avdøde:

Aslaug Leirvåg	f.1923
----------------	--------





Frode Rasmussen
skal spele Matias Orheim

Matias Orheim

*Med ord, felespel og glasmusikk
av Mette Brantzeg og Norvald Tveit*

Det var mest som salmediktar at Matias Orheim (1884-1958) frå Stårheim i Nordfjord fann vegen til hjarta på ein heil generasjon. Han vart blind i ungdomsåra, men reiste likevel rundt i heile landet saman med kona Marie og forkynte. På møta spelte Orheim fele og glasmusikk.

Sogn og Fjordane Teater har teke tak i historia kring salmediktaren og forkynnaren Matias Orheim og lagar musikkteater om livet og verket til mannen frå Stårheim. Orheim skreiv kring 1000 songar, komponerte 178 melodiar og gav ut 13 diktsamlingar. Salmene til Matias Orheim blir sentrale i stykket, og publikum får høyre både dei kjende folketonane og sjølvkomponerte melodiar i nye

arrangement av Per Janke Jørgensen. Stykket blir spelt i kyrkjene kring i Sogn og Fjordane.

Regi: Mette Brantzeg
Komponist: Per Janke Jørgensen
Dramturg: Bodil Kvamme
Scenografi og kostymedesign: Erik Annar Evensen
Medverkande: Liv-Jorun Bergset, Randi-Merethe Roset, Frode Rasmussen, Linda Øvrebø, Rolf Prestø, Oddmar Amundsen og Gro Marie Svidal.

Teaterstykket kan du sjå i Dale kyrkje, laurdag 10. april kl. 18.00.

Det blir sett opp kyrkjeskysst fra Straumsnes. Førehandssal av billetter frå Dale Bok og papir: 57 73 68 70. Billett kr.200. Honnør/student/gruppe/Firdakort kr.120.

Endeleg – Gospelkonsert med Jessy Dixon!

På grunn av sjukdom vart Noregsturneen utsatt, MEN tysdag 4. mai held den verdskjende amerikanske gospelartisten Jessy Dixon konsert i Dale kyrkje med pianist Elsa Harris og korsongarar frå Cantus, Guddal familiekor og UWC.

Etter stor etterspurnad frå både korsongarane (og publikum som gjekk glipp av konserten i fjor!) held vi på nytt gospelkonsert som om det hadde vore i ei afroamerikansk kyrkje i Chicago. Vi får høyre både tradisjonelle gospel-songar, salmar og spirituals og nye songar inkludert country og Sørstatsgospel.

Kora held på å øve inn 8 songar til framføring med Dixon – ein av dei "I Love To Praise His Name" fekk Dove Award som tradisjonell gospelsong innspeling 2008-2009. "I Love To Praise His Name" er spela inn av andre arti-

star og er ein av tidenes mest framførte gospelsongar. Som soloartist er Dixon kjend for å syngja songar som "It's A Highway To Heaven" og "Operator" i tillegg til låtar som "Lean on me" og "Bridge over troubled water" pluss dei tradisjonelle gospelsalmane som "Nærmere deg, min Gud" og "O store Gud". Dixon appellerer til folk i alle aldrar – gamle salmar for dei godt vaksne og kjappe gospellåtar for dei yngre, slik at det blir vanskeleg å la vere å trampe takta med føtene eller klappe! Dixon har god kontakt med publikum, og kjappe replikkar med mykje humør pregar konsertane hans.

Opplev han sjølv i Dale kyrkje tysdag 4. mai – spar pengar og kjøp billetter på førehandssal frå korsongarane!

*Jessy Dixon og kor
i Dale kyrkje i 2009.*



Heile Sunnfjord har fått statlege trusopplæringsmidlar

Hittil er det Fjaler/Gaular og Førde som har fått statlege trusopplæringsmidlar, men frå 1.mai 2010 er alle sokna i Sunnfjord "innfasa" i staten si trusopplæringsssatsing.


Tilskotet er tildelt til prostiet etter tal døypte frå 0 til og med 17 år etter ein nasjonal fordelingsnøkkel, og det er bispedømerådet som tek den endelege fordelinga innan prostiet. For Fjaler/Gaular vil det statlege tilskotet bli minst halvert.

For Fjaler sin del vil tilskotet for 2011 truleg bli i underkant 150.000 kr. For desse midlane skal vi "utvikle ei systematisk og samanhengande trusopplæring som vekker kristen

tru, gir kjennskap til den treeinige Gud og bidrar til kristen livstolkning og livsmeistring, utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv for alle døypte i alderen 0 – 18 år, uavhengig av funksjonsevne."

Vi skjønner alle at dette er umogeleg for denne summen, og difor er vi framleis – og endå meir – avhengige av lokal støtte, både menneskeleg og økonomisk.

Fjaler og Gaular har dei siste tre åra samarbeidd om trusopplæringa, og det er naturleg at dette samarbeidet vil fortsetje også framover.



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Status sidan sist

Etter at vi ikkje fekk tilsett ny trusopplærar frå hausten 2009, og vi vart kjende med at vi ville få halvert tilskotet, prøvde vi å få til ei felles løysing med prestenesta i Sunnfjord. Konkret ønskte vi ei heil kombinert stilling trusopplærar / prest. Dette såg lenge ut til å gå "i boks", men på slutten av året ombestemte bispedømet seg, og ønskjer å lyse ut ei heil prestestilling i staden for.

Pr i dag er det difor inntil vidare engasjert ein medarbeidar til trusopplæringa i Gaular og Fjaler på timebasis.. Ho heiter Stine Kirkeli og er busett i Gaular. Hos oss har ho vore med på opplegget for minikonfirmantane i Dale i februar og skal vere med på Påskevandringa for 9-åringar i Dale i april. Deltidsstillinga vil bli lyst ut når vi i mai kjenner framtidig finansiering. Gaular kyrkjelege fellesråd er vertsfellesråd og har arbeidsgjeveransvaret.



Påskevandring i Fjaler

I samband med trusopplæringa inviterer kyrkja i Fjaler alle døypte 9-åringar til å vere med på påskevandring. I Guddal er det berre ein 9-åring. Der blir det ikkje påskevandring i år, men vi kjem tilbake med invitasjon eit seinare år. Likevel skal alle få utdelt påskeboka i gudsteneste der dei bur. I **Guddal** er denne barnas påskegudsteneste søndag **11. april kl 11.00**.

I **ytre Fjaler** blir påskeboka delt ut same dag kl. 16.00 i Folkestad kapell der det er barnas minipåskegudsteneste kombinert med vårkonsert med Do-Re-Mi. I **Dale** kyrkje blir påskeboka delt ut i barnas påskegudsteneste **søndag 18. april kl 11.00**. Påskevandringa blir i ytre Fjaler onsdag 14. april kl 12.00 i Folkestad kapell – etter skuletid. I Dale blir påskevandringa torsdag 15. april kl 12.00 på Ljosheim – etter skuletid. Du får vere med på ei vandring med ulike stasjonar knytt til påska slik vi feirar den i dag. Du får også høyre korleis det var då Moses levde i Egypt og Israelfolket var slavar der. Mark

Taylor vert med oss i Folkestad og tek oss med på ei musikalsk reise. Du får ete eit påskemåltid. Vi ligg rundt bordet og høyrer om korleis jødane feira påskemåltidet og smakar på ei bitter urt og drikk lidinga sitt beger. Til slutt et vi kjeks, egg og skinke. Egget er eit symbol på det nye livet som Jesus gav oss då han stod opp frå dei døde. Brødet er symbol på fellesskapen med Jesus og alle som trur på han. Så drikk vi safta frå håpet sitt beger. Jesus ser oss alle og bryr seg om alle menneske! I Getsemane hogg Peter øyret av på ein soldat. Jesus gjorde det godt att for soldaten og helbreda øyret. Jesus blei



Biskopen på vitjing i Sunnfjord

Biskopen i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, deltok søndag 7.februar på si første gudsteneste i Sunnfjord prosti.



Biskopen hadde denne helga si første offisielle vitjing i Sunnfjord, der han laurdag møtte råd, tilsette og frivillige frå Sunnfjord på Førde kyrkjetun.


Søndag var det fellesgudsteneste i Naustdal kyrkje for heile Sunnfjord med kyrkjekaffi med mykje god mat på skulen etter gudstenesta. Gudstenesta var ei oppleving for dei som deltok - både dei som deltok aktivt og for kyrkjelyden. For første gong i Sunnfjord vart ei gudsteneste avvikla med ny gudstenesteliturgi utanom Fjaler (der den nye liturgien vert prøvd ut). Som bileta syner, var det mange deltakarar på gudstenesta som var eit samarbeidsprosjekt mellom Naustdal og Fjaler med korforsterkingar frå heile Sunnfjord, inkludert Cantus.

så krossfesta, men tre dagar etterpå står han opp igjen. Han sigra over døden!

Siste stopp er Tiberiassjøen. Jesus møtte disiplane ved stranda. Vi brenner bål, og borna får (godteri)fisk og (polar)brød. Då syng vi: *Dei trudde at Jesus var borte, dei trudde at Jesus var død, då kom han på stranda ein morgon, ved stille sjø.*

Alle i målgruppa får tilsendt brev, men set av datoen allereie no slik at du får med deg årets påskevandring. Vel møtt :)

KAK



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeveerja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid. Ta gjerne kontakt!

Kyrkjestatistikken 2009

	2007	2008	2009
Døpte:			
Dale	13	19	16
Folkestad	1	5	3
Hellevik	2	0	1
Guddal	9	2	2
Sum	25	26	22

Konfirmerte:			
Dale	26	24	24
Folkestad	7	5	6
Hellevik	2	4	2
Guddal	3	3	1
Sum	38	36	33

Vigde:			
Dale	7	4	3
Folkestad	0	1	0
Hellevik	0	1	0
Guddal	2	0	0
Sum	9	6	3

Døde:			
Dale	27	19	21
Folkestad	5	5	6
Hellevik	0	5	4
Guddal	4	4	4
Sum	36	33	35

Graver på Dale kyrkjegard

Vi har eit namn knytt til dei aller fleste gravene på Dale kyrkjegard, men dessverre har enno ikkje alle fått tilsendt brev. Det er eit tidkrevjande arbeid som har teke lang tid fordi vi har prøvd å unngå feilutsending. Kompliserande er det at ein del av gravene på Dale kyrkjegard er under minstemålet for ei grav, og det prøver vi no sjekke før det vert sendt ut brev. Dette på grunn av at dersom grava er for lita, kan den ikkje bli nytta oppatt til kistegravlegging. På Dale kyrkjegard, med så få ledige graver, er det svært ofte gjenbruk av grav innan familien.

Graver der vi ikkje veit kven som er næraste pårørande?
Karl Flekke død 8.7.1968 og Martha Flekke død 3.12.1982
Oliane Torseth død 30.05.1988 og bror ? Johan Torseth død 4.5.1961
Ver venleg ta kontakt med kyrkjeveerja.

Eitt år med ny liturgi

15. mars i fjor gjennomførte kyrkja i Fjaler si første gudsteneste med ny liturgi. I forkant hadde eit gudstenesteutval med folk frå heile kommunen, mellom dei konfirmantar, hatt møte for å bestemme dei ulike gudsteneledda. I utvalet var også kantor og sokneprest.

Den første gudstenesta blei godt gjennomført, og fleire gav uttrykk for at det hadde vore ei fin gudsteneste. Konfirmantane som var medliturgar, syntes det var kjekt.

Det er mange kyrkjelydar i Noreg som prøver ut den nye liturgien. Kyrkjelydane i Fjaler er dei einaste i Sunnfjord som prøver ut heile liturgien. Då biskopen besøkte Sunnfjord første helga i februar i år, bad ein Fjaler om hjelp, då ein ønska å prøve ut den nye liturgien i prostigudstenesta i Naustdal 7. februar.

Både kantor Mark Taylor og sokneprest Knut Arne Kummeneje deltok på denne gudstenesta, saman med biskop og prost, andre prestar, kantorar og frivillige.

Biskop Halvor Nordhaug sa på kyrjekaffien etterpå at det hadde vore spennande og kjekt å vere med på gudstenesta.

Reint praktisk legg den nye liturgien

opp til meir deltaking frå kyrkjelyden, spesielt gjennom vekslesing. I tillegg er det gitt meir rom til å bruke andre liturgar enn presten. Desse liturgane kallar vi medliturgar. Dei er liturgar saman med gudsteneleiararen. Mange har sikkert lagt merke til at konfirmantar deltek som medliturgar på nesten alle gudsteneledda gjennom konfirmantåret. I tillegg deltek born på mange gudsteneledda. I Dale har vi også tekstlesarane som er medliturgar – les bønner og tekstar, leier truedkjenninga, deler ut nattverd – slik at gudstenesta blir slik den er meint å vere – ei feiring for heile kyrkjelyden i alle aldrar. På ein måte er bruken av medliturgar ei vidareutvikling av oppgåvene klokkaren hadde i 1920-liturgien.

Liturgi betyr "Folkets arbeid". Gudstenesta er eit arbeid vi skal gjere saman. Gudstenesta har ikkje tilskodarar, men deltakarar. Sånn sett er det ei oppgåve å aktivisere kyrkjelyden.

Viss vi ønskjer å ta vare på born og unge i kyrkja, må dei aktiviserast. Born tykkjer det er kjekt å vere aktivt med. Det legg den nye liturgien opp til.

Men det vil framleis vere mange gudsteneledda med kontemplativt preg, der ein legg vekt på bøn, refleksjon og



ettertanke. Den nye liturgien gir også meir rom for stille.

Høyringsutvalet for Gudsteneleddereforma i Den Norske Kyrkja har gått gjennom hovudgudsteneledda som heilskap og komme med tilrådingar som blir presenterte som ferdigstilte saksdokument på Kyrkerådet sitt møte no i mars (veke 10). Etter vidare behandling på Bispemøtet og i Kyrkerådet, vil Kyrkemøtet i veke 46, i midten av november, vedta den nye liturgien i revidert form for heile Den Norske Kyrkja.

Det blir spennande å sjå kva resultatet der blir.

KAK



Teikna av Amanda
frå laurdagsklubben i Guddal.



Teikna av
Karoline
frå laurdags-
klubben i
Guddal.

Minikonfirmantar

Utdeling av Det nye testamentet til barn på 5. årssteg er ein fast tradisjon i Fjaler. 14. februar var "minikonfirmantane" i kyrkja for å delta i gudstenesta og ta imot nytestamentet. Dei hadde også fleire samlingar på Ljosheim med Knut Arne og Stine.

Minikonfirmantane kjem inn i prosesjon.

Kyrkjelyden bad "5-teiknsbøna" som forbøn der minikonfirmantane hjelpte kyrkjelyden ved å vise teikna til kvar av dei fem bønene.



Minikonfirmantane illustrerte teksten frå Lukas 8 om "Likninga om såmannen". Her viser Gard Felde og Sebastian Taylor Jesu forklaring av likninga: "Likninga tyder: Såkornet er Guds ord. Dei attmed vegen er dei som høyrer ordet; men så kjem djevelen og tek det bort frå hjartet deira, så dei ikkje skal tru og bli frelste." (Luk 8, 11-12)



Som ein del av dåpsliturgien song barnekoret Matt 28, 18-20 som er kalla dåps- og misjonsbodedet. Midt i songen las prest-en: "Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk."

Velkommen til kyrkje

DALE KYRKJE

Sundag 21. mars kl.19.00

Samtalegudsteneste for konfirmantane frå heile Fjaler ved Kummeneje og Taylor. Offer til Alværa Misjonssenter.

Langfredag kl.19.30

Pasjonsgudsteneste ved Kummeneje og Taylor.

Påskedag kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Cantus deltek. Dåp. Nattverd. Offer til Strømmestiftelsen.

Laurdag 10. april kl.18.00

Musikkteater om Mathias Orheim v/ Sogn og Fjordane Teater. Stykket er eit musikkteater der det vert lagt vekt på salmane til Matias Orheim. Orheim spelte på fele og glass. Billettsal. Kyrkjeskys frå Straumsnes.

Sundag 18. april kl.11.00

Barnas påskegudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Laurdagsklubben deltek. Utdeling av påskebok til 3. årssteg. Nattverd. Offer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter.

Sundag 2. mai kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

Tysdag 4. mai kl.19.30

Gospelkonsert med Jessy Dixon og Elsa Harris med Cantus, Guddal familiekor og UWC. Billettsal.

17. mai kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Barnekor deltek. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

PINSEDAG kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Cantus og Katerina Solomanjuk (fløyte) deltek. Nattverd. Kyrkjeskys frå Straumsnes. Offer til Senter for livsmeistring – Skei.

Onsdag 26. mai kl.19.30

Orgelkonsert ved Mark Taylor. Konserten er gratis, men det blir innsamling til landsbyutviklingsprosjektet vårt i Mali.

Sundag 6. juni kl.19.30

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Innskriving av konfirmantane. Offer til KFUK-KFUM S og Fj.

Sundag 20. juni kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Nattverd ved altarringen. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

GUDDAL KYRKJE

Palmesundag 28. mars kl.11.00

Songgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Familiekor

og Reidun Porten (kornett) deltek. Nattverd ved altarringen. Kyrkjeskys. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 11. april kl.11.00

Barnas påskegudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Familiekor deltek. Nattverd. Utdeling av påskeboka til 3. årssteg. Offer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter.

HELGETORS DAG Torsdag 13. mai kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

Måndag 17.mai kl.13.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Familiekor deltek. Offer til Guddal familiekor.

Torsdag 24. juni kl.11.00

Jonsokgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Malimisjonær Ingvald Frøyen deltek. Nattverd. Misjonsfest på skulen etterpå. Kyrkjeskys. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

HELLEVIK BEDEHUSKAPPELL

Skjærtorsdag kl.11.00

Gudsteneste ved vikarprest og Taylor. Nattverd ved altarringen. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 9. mai kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

Sundag 13. juni kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Innskriving av konfirmantane. Offer til KFUK-KFUM S og Fj

FOLKESTAD BEDEHUSKAPPELL

Sundag 14. mars kl.11.00

Gudsteneste ved Høvik og Eiken. Nattverd. Kyrkjelydsmøte for Fjaler sokn med presentasjon av kyrkjelyden sin årsrapport. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

PÅSKEDAG kl.19.30

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Orgelkonsert før gudstenesta (kl.19.15). Egil Furenes spelar hardingfele i gudstenesta. Nattverd ved altarringen. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 11. april kl.16.00

Barnas minipåskegudsteneste ved Kummeneje og Taylor og vårkonsert med Do Re Mi. Utdeling av påskebok til 3. årssteg. Kollekt til Kyrkjelydsarbeid.

17. mai kl.11.00

Gudsteneste ved vikarprest og Eiken. Offer til Folkestad bedehusapell.

PINSEDAG kl.19.30

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Nattverd. Offer til Senter for livsmeistring – Skei.

Sundag 27. juni kl.19.30

Gudsteneste ved vikarprest og Eiken. Nattverd. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

ANDRE STADER**STEIESTØLEN****Langfredag kl.11.00**

Friluftsgudsteneste ved Kummeneje.

FJALER SJUKEHEIM**2. påskedag kl.11.00**

Gudsteneste ved vikarprest og Taylor. Nattverd.

2. pinsedag kl.11.00

Gudsteneste ved vikarprest og Eiken. Nattverd.

STRAUMSNES GRENDAAHUS**Sundag 30. mai kl.14.00**

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Kyrkjekaffi. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

**Kyrkjeblad for Fjaler**

Bankkontonr. 3755 20 73135

Bladpengar kr. 150,-/175,- for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrkjekontoret, pb 18, 6961 Dale

Telefon 57 73 97 70 Faks 57 73 97 77

Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl.09.00-14.00

fredag kl.09.00-12.00

Tilsette med kontorplass:

Sokneprest Knut Arne Kummeneje

Jobb: 57 73 97 73 Priv: 57 73 86 32

Mobil: 90 85 52 30

knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde

Jobb: 57 73 97 71 Priv: 57 73 68 82

kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

Kantor Mark Taylor

Jobb: 57 73 97 74 Priv: 57 73 61 65

kantor@fjaler.kyrkja.no

Mark har fri kvar torsdag.

Sekretær Joy Taylor

Jobb: 57 73 97 72

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

Joy er på kontoret

tysdag og fredag kl.09.00-13.00.

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje

Joy Taylor tlf: 57 73 61 65

Guddal kyrkje

Liv Svanhild og Reidar Langeland

tlf: 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad bedehusapell

Sigrid Kleppe tlf: 57 73 53 57

Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes tlf: 57 73 55 95

Beredskapstelefon ved akutt behov utanom kontortid 95 48 31 52.

Tysdag 23. mars:

DØR-TIL-DØR-AKSJON i Fjaler




Kvart år i tida før påske går innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp sitt bistands- og naudhjelpsarbeid. Dette er ein innsamlingsaksjon som blei starta i 1967 og som går kvart år i tida før påske. I 2003 blei namnet "Brød for Verda" skifta ut med "Fasteaksjonen".

Dei siste åra har vi i kyrkjelydane i Fjaler gjennomført ein dør-til-dør-aksjon på aksjonsdagen til Kirkens Nødhjelp – tysdag før palmesøndag. Størsteparten av dei som går er konfirantar, men mange vaksne har dei siste åra også delteke i aksjonen.

I Fjaler vert dør-til-dør-aksjonen til Kirkens Nødhjelp tysdag 23. mars, ettermiddag og kveld.

Vi oppmodar alle til å ta godt imot bøsseberarane våre! Ditt bidrag er viktig!

Du kan lese meir om Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon på side 6.



Teikna av Benjamin
frå laurdagsklubben i Guddal.



Vi sjåast 23. mars!

Naturkatastrofer råkar alltid dei fattige hardest. Innsatsen vår den 23. mars kan redde liv neste gong katastrofen råkar.

Støtt aksjonen!
Sjåvartelefon 820 43 033 (100kr)
Kontonummer 1594.22.87493

KIRKENS NØDHJELP-
AKSJONEN 3'2010

